

Styremøte SFSG 26.3.23 på Teams

Tilstades: Ragnhild Sæle, Jo Risløv, Erlend Brede Fossen, Anne Inger Moen, Ole Bjarne Hovland og Solgun Haugen

Kl 20.30 – 23

Sak 21/23 Geitene på Kvist

Styret diskuterte korleis styret i SFSG skal håndtera saka med geitene på Kvist, og kva styret i SFSG skal gjera i ei slik type sak. Det kan vera gode grunnar til å ta vare på geitene på Kvist, både med tanke på landskapet i området og genene flokken har, men då må det gjerast i tråd med norsk lovverk.

Vanskeleg å gå mot MT so lenge er definert som husdyr.

Genressurser meinar genene bør takast vare på, men må temmast.

Må/bør få leva men då må nokon ha ansvar for dei og føra dei.

Dumt at må avlivast, men må fylgja regelverket. Har ein eigar dvs er pr def ikkje ville. SFSG som org. kan ikkje gå utanom regelverket. Eigar saman med andre må finna løysning på at regelverket vert fylgt. Positivt innslag på Kvist, men er eit regelverk som må fylgjast. Reine norske geitegener, som kan vera interessant å ta vare på. Eigar stilt opp òg tilleggsføra dei om vinteren, han har ansvaret for dei. Reglane skal fylgjast, anten må han eller nokon ta ansvar og fylgja regelverket.

Sak 22/23. Dyretragedien i Sogn og Fjordane med funn av døde og sjuke sauer

Styret diskuterte korleis styret i SFSG skal håndtera saka med dyretragedien der fleire sauer er funne døde og sjuke ein plass i Sogn og Fjordane. Alle saker er ulike og kvar sak må vurderast kvar for seg.

Sak 23/23. Teamsmøte NSG 28.3.23 med kommunikasjonsgruppa

Styret gjekk gjennom e-posten frå kommunikasjongruppa i NSG i samband med møte 28.3.23.

Sak 24/23. Ymse

a) Apotekavtale Vitus Apotek

Styret gjekk gjennom status for ny apotekavtale med Vitus Apotek. SFSG får ikkje gjort generell avtale med Vitus Apotek. Kvar lokallag må gjera avtale med det einkilde utsal/apotek.

Referent; Solgun Haugen.